



ULLENSVANG FJELLSTYRE



ÅRSMELDING 2022



Innhald

Ullensvang statsallmenning.....	3
Ullensvang fjellstyre 2020-2023	3
Hardangervidda fjelloppsyn	3
Aktivitet i 2022.....	3
Fjellstyrehytter.....	4
Reinsjakt	6
Elgjakt	8
Småviltjakt	8
Fiske	9
Økonomi	10



Ullensvang statsallmenning

Ullensvang statsallmenning ligg i Ullensvang kommune, i Vestland fylke, og er på om lag 819 km². Størstedelen av statsallmenningen ligg i Hardangervidda nasjonalpark.

Ullensvang fjellstyre 2020-2023

Medlem:	Vara:
Johnny Vikne (leiar)	Eivind Tokheim
Jan Asbjørn Utne (nestleiar)	Per Helge Sekse
Hildegunn Espe	Evelyn Sekse Haustveit
Synnøva Sæbø	Jarle Vangen
Jarle Rasmussen	John Helge Rasmussen

Fjellstyret hadde i 2022 fire møte. Det blei handsama 25 saker.

Fjellstyret informerer om vedtak på heimesida www.hardangervidda-fjellstyra.no. Her blir det også informert om jakt, fiske, hytteutleige med meir. Inatur blir brukt til sal av jakt og fiske, og Scanatura blir brukt til hytteutleige.

Styremedlem i Fjellstyra på Hardangervidda: Johnny Vikne (vara Hildegunn Espe)
Representant i villreinutvalet: Jan Asbjørn Utne

Hardangervidda fjelloppsyn

Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Ullensvang fjellstyre leiger sekretærtjenester og felttenester frå HF. Sekretærtjenestene har blitt utført av Steinar Lund.

Aktivitet i 2022

Bjørnavassbu:

- Skifta kledning på sør- og austvegg.
- Skifta boddør og vindauge i «naustdel» mot sør
- Lagt nytt golv på begge romma og i naustdelen
- Montert tørkerist over omn
- Montert kjøkenvifte over omn på rom mot sør
- Montert solventilator på sørveggen
- Beisa ny kledning

Persbu:

- Montert skap i utedoen, til båtmotor og gassflasker



- Sett opp skiljevegg mellom toalett og vedstabel
- Laga oppbevaringsareal over toalett
- Beisa hytta og utedo

Belebu:

- Tømt toalett
- Nye kasserollesett til begge avdelingane, samt eit sett til Raudåna
- Båtmotor kjøpt inn

Ullsbu:

- Skifta alle vindauga
- Utbeta nokre av punkta på rapporten etter brannverntilsynet
- Nytt solcellepanel, regulator og batteri

Naustet:

- Ny båt transportert inn

Det er transportert inn båtar og plassert ut ved Svervetjødn, Vetla Uravatnet og Tuevatnet (mot aust). Det er i tillegg lagt ut tønne med garn ved kvar båt.

Fjellstyrehytter

Ullevang fjellstyre har 11 hytter i statsallmenningen. I tillegg har fjellstyret eit naust ved Øvsta Krokavatnet, og steinbua Kollsbu. [Kart med oversikt over hyttene som er i bruk.](#)

Fjellstyrehytter:


- Ullsbu (Hansbu)
- Rogdabu (Hansbu)
- Oppsynshytta på Hansbu (leigd ut til Hardangervidda Fjelloppsyn)
- Naustet (Nedsta krokavatnet)
- Belebu
- Bjørnavassbu
- Langavassbu
- Holmavatnet
- Raudåna
- Raudåna – oppsynshytta
- Persbu
- Kollsbu

Fjellstyrehyttene har blitt leigd ut til jakt, fiske og friluftsliv i perioden 15. juni til 31. oktober. Prisen for å leige har vore 100,-pr. person pr. døgn (dobbel pris for utanbygdsbuande). For steinbua Holmavatnet har prisen vore 90,- (180,-). Steinbuene Persbu og Rogdabu har ikkje vore utleigd i 2022, på grunn av behov for brannførebyggjande tiltak.



Utleige av hyttene har foregått med søknadsfrist for leige av hyttene i sommarveke og i reinsjakt, med tildeling der innanbygdsbuande er prioritert. Etter tildeling har hyttene blitt leigd ut via Inatur.

Hytteutleige utgjorde om lag 190 000,- i 2022. Alle hyttene samla var utleigd 480 døgn i 2022, mot 707 i 2020. Sjå elles figur 1 og 2.



Figur 1. Tal døgn hyttene har vore utleigd i 2021 og 2022.

Tabell 1. Utleige i 2022.

	Innanbyds	Utanbyds	Samla	Andel innanbygdsbuande	Andel utanbygdsbuande
Belebu liten del	77	0	77	100 %	0 %
Belebu stor del	54	0	54	100 %	0 %
Bjørnavassbu avd. nord	52	7	59	88 %	12 %
Bjørnavassbu avd. sør	69	0	69	100 %	0 %
Holmavatnet	10	22	32	31 %	69 %
Langavatnet del 1	20	3	23	87 %	13 %
Langavatnet del 2	7	1	8	88 %	13 %
Naustet ved Nedsta Krokavatnet	35	27	62	56 %	44 %
Raudåna – oppsynshytta	0	6	6	0 %	100 %
Raudåna, avdeling 1	20	15	35	57 %	43 %
Raudåna, avdeling 2	7	7	14	50 %	50 %
Ullsbu	14	27	41	34 %	66 %



Reinsjakt

Villreinkvota for Hardangervidda i 2022 var på 7000 dyr, likt fordelt mellom fritt dyr-kort og bukkkort (vaksen bukk 2,5 år eller eldre). Det var i tillegg eit kalvekort tilhøyrande kvart kort på vakse dyr. Korttype vaksen bukk blei omgjort til fritt dyr frå og med 12. september. Ullensvang fjellstyre sin del av kvota var 667 kort (+ kalv). Jakttida var 15. august til og med 30. september.

Det var samjakt mellom fjellstyret og alle private vald i gamle Ullensvang herad og Odda kommune utanom vald i Røldal, for jegerar med kort på Ullensvang statsallmenning, frå og med 7. september og ut jakta.

Det var samjakt med Røldal statsallmenning for innanbygdsbuande jegerar frå og med 6. september. Avtalen gjaldt deler av statsallmenningen.

Prisen for reinskorta blei sett til 1.500 pr kort til innanbygdsbuande, 3.000 pr kort til utanbygdsbuande. Netto omsetnad for sal av reinskort var 822.068,-.

Felling:

Det blei felt 316 dyr på korta til Ullensvang fjellstyre, og 32 dyr på korta på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen som var tildelt innbyggjarar i gamle Ullensvang herad.

HA281/281	Kalv	1,5 år	2,5 år og eldre	Sum
Hanndyr	42	19	86	147
Hodyr	42	26	101	169
Sum	84	45	187	316

Kort med tilgang på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen


	Kalv	1,5 år	2,5 år og eldre	Sum
Hanndyr	4	3	9	16
Hodyr	4	3	9	16
Sum	8	6	18	32


Samla	Kalv	1,5 år	2,5 år og eldre	Sum
Hanndyr	46	22	95	163
Hodyr	46	29	110	185
Sum	92	51	205	348

Det blei selt 581 kort til 274 jegerar.



Kort total	722
Selt kort	581
Fellingsprosent (vaksne dyr) av selde kort	44,06 %
Fellingsprosent (vaksne dyr) av alle kort	35,46 %
Fellingsprosent (inkl. kalv) av selde kort	59,90 %
Fellingsprosent (inkl. kalv) av alle kort	48,20 %





Figur 2. Tal felte dyr på korta på Ullensvang statsallmenning 2005-2022.

Elgjakt

Ullensvang fjellstyre administrerer elgjakt på eit vald i Ullensvang statsallmenning. Elgjakta blir leigd vekk til eit jaktlag for to år i slengen. Jakta er konsentrert rundt Hansbu-Bjørnavassområdet. I 2022 var kvota på ein okse og ein kalv. Det blei felt ein 1,5-årig okse.

Småviltjakt

Fjellstyret har hatt fritt kortsal av småviltjakt i 2022. Det har blitt selt 197 kort, fordelt på dagskort, vekeskort og sesongkort som vist i tabellen under.

	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Dagskort	28	107
Vekeskort	15	31
Sesongkort	1	7
Smårovviltkort	8	

Det blei selt jaktkort for 84.227,- i 2022.

Tabell 2. Prisar småviltjakt 2022.

	Innanbygds	Utanbygds
Dagskort	140,-	280,-
Vekeskort	600,-	1200,-
Sesongkort	1100,-	2200,-
Småvorviltkort	100,-	



Fiske

Det er selt 385 fiskekort for Ullensvang statsallmenning i 2022. Av disse er 114 fiskekort for innanbygdsbuande (garnkort). Tilsvarande tal for 2021 var 470 selde kort (123 fiskekort for innanbygdsbuande).

Det er selt 327 fellesfiskekort, fordelt på 292 vekeskort og 35 sesongkort. Netto omsetnad var 187 775,-. Ullensvang fjellstyre sin del av omsetnaden var 54.084.

Det er selt 20 vekeskort for garnfiske for utanbygdsbuande. Kortet gjeld for nokre av vatna på statsallmenningen der det med fordel kan fiskast meir. Det blir opna for sal av inntil 20 vekeskort i året.

Netto omsetnad for fiskekort var 175.459,-.

Prisar på fiskekort i 2022

Stongfiskekort:

Dagskort: 110,-

2-døgnskort: 190,-

3-døgnskort: 290,-

Vekeskort: 390,-

Sesongkort: 790,-

Garnfiske (innanbygds):

Vekeskort: 300,-

Sesongkort: 450,-

Familiekort sesong: 500,-

Garnfiske (utanbygds):

Vekeskort: 600,-



Økonomi

Fjellstyret hadde i 2022 ein omsetnad på 1 793 523,-. Utgiftene var på 1 421 850,-.

Fjellstyret er tildelt fyljande gåver i løpet av året:

	Føremål	Sum
Grunneigarfondet	båtar og garn, vindauge Ullsbu, dør Persbu	53 000
Sparebankstiftinga Hardanger	Nye vindauge og dør Ullsbu	74 325
Sparebankstiftinga Hardanger	Solcelleanlegg ved fjellstyrehytte	75 000
Sparebanken Vest	Brannførebyggjande tiltak på fjellstyrehytter	140 000
Sparebanken Vest	Fjellstyrehytte og naust ved Kvennsjøen	400 000
Sparebankstiftinga Hardanger	Fiskeutstyr til utlån ved fjellstyrebåtar	20 000
Sparebankstiftinga Hardanger	Rehabilitering av naust ved Kvennsjøen	100 000
Sparebankstiftinga Hardanger	Brannførebyggjande tiltak på fjellstyrehytter	140 000
Sparebankstiftinga Hardanger	Slutføring av rehabilitering Bjørnavassbu	90 000
Sparebank 1-Stiftinga Kvinnherad	Rehabilitering av veggjar Bjørnavassbu	50 000
Sparebank 1-Stiftinga Kvinnherad	Solcelleanlegg Bjørnavassbu	60 000